

BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE



Utkøyringsdatoar - Bygdenytt 2026

Frist for levering av stoff

Fredag 9. januar
Fredag 20. februar
Fredag 20. mars
Måndag 20. april
Onsdag 20. mai
Laurdag 20. juni
Torsdag 20. august
Torsdag 17. september
Tysdag 20. oktober
Torsdag 19. november

Bygdenytt utgåve

Januar/februar
Mars
April
Mai
Juni
Juli/august
September
Oktober
November
Desember og halve januar

Utkøyring

Torsdag 15. januar
Torsdag 26. februar
Torsdag 26. mars
Tysdag 28. april
Torsdag 28. mai
Tysdag 30. juni
Torsdag 27. august
Torsdag 24. september
Torsdag 29. oktober
Fredag 27. november

Med atterhald om endringar.

KOMMUNEN INFORMERER

Politiske møte



Onsdag	14.01. kl. 09.00	Plan og miljøutvalet	
	kl. 12.00	Levekårutvalet	
Torsdag	15.01. kl. 09.00	Formannskapet	
Torsdag	29.01. kl. 10.00	Kommunestyret	- Valle Radio streamar
Måndag	09.02. kl. 08.30	Valle ungdomsråd	
Tysdag	10.02. kl. 12.00	Arbeidsmiljøutvalet	
	kl. 16.00	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	
Onsdag	11.02. kl. 09.00	Plan og miljøutvalet	
	kl. 10.00	Eldrerådet	
	kl. 12.00	Levekårutvalet	
Torsdag	12.02. kl. 09.00	Administrasjonsutvalet	
	kl. 10.00	Formannskapet	
Torsdag	26.02. kl. 10.00	Kommunestyret	- Valle Radio streamar

Utdanningsstipend

Er du student våren 2026 eller fekk du ikkje søkt om kommunalt utdanningsstipend for heile studieåret i haust? Då kan du søkje om kr. 4500 i stipend for vårsemesteret no. Informasjon og søknadsskjema ligg på heimesida til Valle kommune.

Ved spørsmål kan du kontakte Velkomstsenteret, tlf. 37937500, eller på e-post: sentralbord@valle.kommune.no.

Søknadsfrist 15. februar!

Sponsing av skikort

Ordninga med at born og unge busette i Valle kommune får sponsa sesongkort i Brokke alpinsenter, held fram. Dei som vil ha sesongkort må kjøpe det innan 31. januar.

Alle frå fylte 6 år til og med 15 år betalar bare ein eigenandel på 500 kr. Alle som går på skule i Valle, uavhengig av alder, får 50% rabatt på sesongkort.

Dei som går på skule i kommunen må vise skulebevis når dei kjøper sesongkortet. Ordninga gjeld berre sesongkort.

FRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL NESTE BYGDENYTT ER 20. FEBRUAR.

Send på epost til sentralbord@valle.kommune.no

Valle kommune kartlegg bustadbehovet

Kva slag bustader blir det mest behov for i Valle kommune i tiåra som kjem? Er det einebustader, rekkehus, leilegheiter nær sentrum eller anna som er mest aktuelt? Onsdag 14. januar sender Valle kommune ut ei spørjeundersøking på SMS for å kartleggje bustadbehovet.

Undersøkinga blir sendt ut til alle via SMS, og ein også kan svare skriftleg viss ein møter i Velkomst-senteret på kommunehuset. Målet er å nå alle fastbuande over 18 år, slik at svarprosenten blir så god at data som kjem ut frå undersøkinga er representativ.

Kommunedirektøren strekar under at resultata frå undersøkinga bør vere interessant for fleire enn Valle kommune.

– Det blir jo som ei form for marknadsundersøking, dette, så for utbyggingsaktørar som vurderer å setje i gong bustadprosjekt kan dette bli matnyttig. Så vil eg oppmode alle som får undersøkinga, om å ta seg tid til å svare. Jo fleire som gjer det, jo betre blir kartleggjinga me ender opp med, seier han.

Svarfrist: 25. januar kl. 23:59!

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Opning av nye Valle kultursenter

Set av helga 17.-19. april - då opnar det nye kultursenteret vårt med brask og bram!
Ope hus, aktivitetar og konsertar, samt jubileumsfeiring i høve Valle Sparebank 160 år.
Velkomen skal du vere!

Kulturmidlar

Valle kommune deler ut kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar. Den totale summen som blir delt ut er kr. 75 000. Søknadskriteria og søknadsskjema finn du på Valle kommune sine heimesider. Vi gjer merksame på at søknaden må leverast elektronisk.

Søknadsfrist 15. mars.

Faste onsdagsaktivitetar i Sæbyggjen

Babysong kl. 12.30-13.00
Allsong for vaksne kl. 16.30-17.30

Arr. Valle kulturskule ved Anna Slaby Driel.

TEKNISK AVDELING INFORMERER

Strøsand:

Valle kommune tilbyr alle sine innbyggjarar og hyttebuarar å hente gratis strøsand på Øyne i Valle eller ved reinseanlegget på Rysstad. Hugs å hente bømtevis, ikkje tilhengarlass, slik at det blir nok til alle.

DET KAN VERE LURT Å SJEKKE VASSFORBRUKET FOR DEG SOM HAR VASSMÅLAR

Abonnenten har ansvar for rett vassmålaravlesing. Dette ansvaret gjeld også regelmessig kontroll av forbruk slik at ev. stort forbruk som følgje av feilmåling, feilavlesing eller lekkasje kan avklarast så fort som råd.



Lekkasjar som skjer innafor vassmålar vert registrert på teljeverket som forbruk, og abonnenten må betale forbruket.

Kva betyr utette kraner og ventilar?

Når det ikkje vert brukt vatn i huset, vert det ikkje registrert forbruk på vassmålaren. Dersom ein av dei små visarane på målaren beveger seg når alt vatn er av, har ein lekkasje på det interne nettet.

Eit rennande vassklosett vil kunne bety ekstraavgifter på fleire tusen kroner i året, jf. tabell under.

Lekkasje kan også oppstå på andre deler av røyrlegget utan å vere synleg.

Eksempel på vassmengder ved lekkasje:

Installasjon	Ca. m ³ /år*
Drypande kran (ca. 1 drypp/sek)	9
Rennande kran (ca. 2 mm stråle)	45
Hull på røyr (diameter ca. 0,5 mm)	175
Lekkasje i WC (ikkje synleg)	100
Lekkasje i WC (synleg)	200
Lekkasje i WC (uroleg overflate)	400

* 1 m³ = 1000 liter

TIPS: Slik kan du teste om du har lekkasje i WC: Tøm ei lita flaske med konditorfarge i sisterna. Dersom vatnet i klosettskåla endrar farge har du ein lekkasje.

Vassforbruk gjennom målar som skuldast lekkasje på privat sanitæranlegg er huseigar sitt ansvar og må utbetrast for eigar si rekning. Ved mistanke om lekkasje på sanitæranlegget bør røyrleggjar kontaktast.



Har du lasta ned Friskus? Dersom ikkje, bør du gjere det no!

Appen er GRATIS og du vil få varsel kvar gong Valle kommune legg ut følgjande:

Nyheiter frå heimesida

Ledige stillingar

Publisering av innkallingar og møteprotokollar

Dersom du alt har lasta den ned, men ikkje får varsel, er det truleg fordi du ikkje har valgt kategorien du vil få varsel på. I Valle har vi førebels berre ein kategori vi nyttar i publiseringa som heiter nytt frå Valle kommune.

For å sjekke om du har valt kategorien kan du gjere følgjande:

- Gå inn på menyen oppe til høgre (tre strekar)
- Mine valg
- Dersom Valle kommune er merka av klikker du på pila nede til høgre, om ikkje trykkar du på den.
- Velg om du vil følgje fleire kommunar eller hopp over
- Så trykkar du på Nytt frå Valle kommune og deretter pila nede til høgre
- På neste side er det ingen val og du kan berre klikke på pila nede til høgre
- Så er du klar og kan trykke ei siste gong på den grønne pila nede til høgre

Treng du hjelp kan du ta kontakt med Velkomstsenteret på telefon 37937500.

AKTIVITETSKALENDER I FRISKUS - KURS

Valle kommune skal no ta i bruk ei ny aktivitetsskalender på heimesida. Dette inneber at lag og organisasjonar sjølve kan legge inn arrangement. Vi meiner dette er ei betre og meir brukarvennleg løysing enn den vi har hatt til no.

Den nye aktivitetsskalenderen er levert av Friskus. For at de enkelt skal komme i gang med å bruke løysinga, arrangerer Valle kommune saman med Friskus eit kort og praktisk kurs.

Tid og stad for kurs:

- Onsdag 21. januar
- Kl. 16.00 – Kl. 17.00
- Kommunehuset i Valle

Alle lag og organisasjonar er hjarteleg velkomne til å delta. Ta gjerne med eigen PC slik at du kan få hjelp til registrering og evt. legge inn eit arrangement. Meld gjerne frå til Gunn Marith Homme på e-post gunn.marith.homme@valle.kommune.no dersom dukjem, slik at vi kan tilpasse møterom ut frå tal på deltakarar.

VALLE FOLKEBIBLIOTEK



Opningstider:

Måndag	kl. 11 - 16
Tysdag	kl. 11 - 16
Onsdag	kl. 13 - 20
Torsdag	kl. 11 - 17
Fredag	kl. 11 - 15



Laurdagsope bibliotek:

Laurdag	24.01. kl. 11 - 14	Høgtlesing kl. 12 Brettspel og teikning
Laurdag	21.02. kl. 11 - 14	Høgtlesing kl. 12 Brettspel og teikning

Me minnar også på at biblioteket er oppe til kl. 18 kvar måndag og onsdag for born og unge.

Markering av den samiske nasjonaldagen

Fredag 06.02. frå kl. 15
Enkel matservering, høgtlesing og teikning!

Språkkafe

Torsdag kl. 18 - 20 Ope for alle!



Framsying: To menn og ei tavle – med Egil og Svein Nyhus

Fredag 27.02. kl. 10.30 Sæbyggjen
For førskuleborna og småskulen.

VALLE UNGDOMSKLUBB OG JUNIORKLUBB I FEBRUAR

Ungdomsklubb

Onsdag 04.02. kl. 17–21 Spelestoga
Karaoke, disco og quiz, musikk, karaoke, Just Dance og enkle konkurransar.

Måndag 23.02. kl. 17–20 Valle folkebibliotek
Kunstkveid, lage kunst, små prosjekt og førebuing til UKM.

Juniorklubb

Onsdag 11.02. kl. 17-21 Hylestad Soknehus
Karneval og kle seg ut, lek, musikk og dans. Kiosk med brus og popkorn.

Onsdag 25.02. kl. 16 -19 Valle biljardforeining
Perling av armband og enkel gamingstasjon



VALLE IL 3V3 FOTBALLCUP



Laurdag 17.01 kl. 10.00 - 14.00 Vallehalli

Velkomen til Valle IL 3V3-cup og ver med på ein actionfylt fotballdag i Vallehalli!

Meiropen idrettshall

Fredagar	kl. 15 - 20	Vallehalli
Laurdagar	kl. 08 - 20	Vallehalli
Sundagar	kl. 08 - 20	Vallehalli



Trivselsreglar:

1. Alle ryddar etter seg sjølve og dei som dei er saman med.
2. Alle kan også rydde etter andre viss det trengs, for hallen må vere rydda når dørene stenger.

Eitt av utstyrslagra er ope og kan nyttast når det er meiropen (ubemanna) idrettshall. Hugs: «Det eg har brukt, skal eg leggje på plass.» Også sjølv om nokon andre allereie hadde henta fram utstyret før du kom. To garderoar/toalett vil vere opne. Vi bed om at alle bidreg til å halde det ryddig der også!

For å få logge deg inn i hallen bruker du appen SolverApp.

Barn under 12 år skal vere i følge med vaksen.

Tlf. nr. teknisk vakt: 970 03 800

**På grunn av 3v3-cup blir det ikkje meiroke
16.01. og 17.01.**

VALLE RADIO

Tysdag kl. 18 Sending

Onsdag kl. 19 Sending

Vi sender også kommunestyremøta og styremøta i Setesdal Regionråd i reprise kl.18.00 same dag.

Ta gjerne kontakt dersom du har tips om noko vi kan ta med «på lufta».

Bruk lokalradioen!

Epost: post@valleradio.com / Facebook: Valle Radio

Heimeside: www.valleradio.com




VALLE RADIO


KINO PÅ HYLESTAD SOKNEHUS - JANUAR OG FEBRUAR



Måndag 19.01. kl. 17.00
kl. 19.00 Pelle pus får en ny venn
Rutete Ninja 3



Måndag 02.02. kl. 17.00
kl. 19.00 Kjæledyr ekspresen
Five nights at Freddy's 2



Måndag 16.02. kl. 17.00
kl. 19.00 SvampeBob: Jakten på firkant
Kraken



KOMPEBASAR - HYLESTAD BYGDEKVINNELAG

Laurdag 14.02 kl. 12.00 - 17.30 Hylestad soknehus

Hylestad bygdekvinnelag skipar til kompebasar, med sal frå kl. 12.00. Dei som vil kjøpe komper til å ta med heim kan kome frå kl. 14.00. Det blir og sal av kake, kaffi og brus.
Det blir loddsal på Coop prix Hylestad på førehand og undervegs på basaren. Premiane er alt frå stakkejure med sylvspanne til andre flotte gevinstar frå lokale bedrifter og anna.
Eige barnebord og Åresal.



HANDARBEIDSKVELD - SETESDAL HUSFLID

Ordinære handarbeidskveldar

Onsdag 28.01 kl. 18 - 21
Onsdag 11.02 kl. 18 - 21
Onsdag 25.02 kl. 18 - 21

Handarbeidskveld for ungdom

Måndag 26.01 kl. 17 - 19
Måndag 09.02 kl. 17 - 19
Måndag 23.02 kl. 17 - 19

Ta med eige handarbeid.
Det blir og servering av te og kaffe.



Kursplan vår/haust 2026

Medlem i Valle- og Hylestad bygdekvinnelag, Bondelaget eller Skogeigartaget betalar 40 kr. per kurstime medan ikkje-medlemer betalar 70 kr. per kurstime. For å betale medlemspris må ein personleg vere innmeldt eit av desse laga innan kursstart.

For alle kursa gjeld det at alle deltakarane må ha fylt 14 år i løpet av 2026.

Namn på kurset	Dalebuksekurs
Kursleiar	Laila Rysstad
Antal timar	150
Stad	Rysstad (soknehuset eller museet)
Tidspunkt	Måndagar frå kl.17-22
Antal deltakarar	6 stk.
Oppstartdato	Måndag 17.august
Påmeldingsfrist	10.april
Pris	Medlem kr. 6000 + tilfang, ikkje medlem kr.10500 + tilfang
Kontaktperson (påmelding til)	Hilde Kiland-Bjåen, tlf.99631207 e-post: hilkilan@gmail.com

Namn på kurset	Stakkekurs
Kursleiar	Ann Helen Helle
Antal timar	120
Stad	Setesdalsmuseet på Rysstad
Tidspunkt	Onsdagar i partalsveker frå kl.17-21
Antal deltakarar	6 stk.
Oppstartdato	Onsdag 4.februar
Påmeldingsfrist	21.januar
Pris	Medlem kr.4800 + tilfang, ikkje medlem kr. 8400 + tilfang
Kontaktperson (påmelding til)	Kristin Nomeland, tlf. 99538807 e-post: nomelandkristin@gmail.com

Namn på kurset	Keramikkurs for nybyrjarar
Kursleiar	Ewald Assmann
Antal timar	20
Stad	Homme grendefelt
Tidspunkt	kl.18-21(neste dato vert avtala på kurset)
Antal deltakarar	6 stk.
Oppstartdato	Onsdag 18.mars
Påmeldingsfrist	16.februar
Pris	Medlem kr.800 + materiell, ikkje medlem kr.1400 + materiell
Kontaktperson (påmelding til)	Kristine Jore tlf.48203216 e-post: kristinejore66@gmail.com

Det kjem fleire kurs og ny kursplan for hausthalvåret 2026.

Kursa må ha minimum 5 påmelde for at dei vert sett i gong.

Kursa skal betalast på vipps fyrste kurskvelden.

Lengre kurs som går over to semester skal betalast i to omgonger.

Følg oss på Facebook: «Studieforbundet kultur og tradisjon Valle».



ÅRSMØTE I FAGFORBUNDET BYKLE OG VALLE

Onsdag 28.01.kl. 18.00 Bykle Hotell



FAGFORBUNDET

Til alle medlemmene våre

Velkomen til årsmøte i Fagforbundet Bykle og Valle på Bykle Hotell onsdag 28. januar 2026 kl. 18.00. Dagsorden er i samsvar med vedtektene våre.

Har du saker du ønskjer at årsmøtet skal behandle, må dei sendast til styret v/Marianne Hagen innan måndag 12. januar.

Påmelding innan tysdag 20. januar til Marianne Hagen.

Treng du skyss? Gi beskjed når du melder deg på til 911 89 077 eller marianne.hagen@bykle.kommune.no.

Helsing styret

VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Onsdag	21.01.	kl. 11.00	Andakt	Valle bygdeheim
Sundag	25.01.	kl. 16.00	Gudsteneste	Hylestad Kyrkje
Onsdag	28.01.	kl. 19.00	Foredrag om kristenretten ved Randi Anne Skårdal	Kyrkjestoga/Sæbyggjen
Sundag	08.02.	kl. 11.00	Gudsteneste	Valle kyrkje
Tysdag	10.02.	kl. 19.00	Salmer og song	Bykle kyrkje
Onsdag	18.02.	kl. 11.00	Andakt	Valle bygdeheim
Sundag	22.02.	kl. 11.00	Gudsteneste	Hylestad kyrkje

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle: tlf 47482359

e-post: post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

NOMELAND BEDEHUS

Jon Martin Bjørgum

Sundag 18.01. kl 11.00

Torstein Landås

Tysdag 20.01.. kl 19.00

Viggo Wilhelmsen

Fredag 23.01. kl 19.00

Laurdag 24.01. kl 19.00

Sundag 25.01. kl 11.00

Bibel- og bønedeag

Torsdag 29.01. kl 10.00-18.00

Jørgen Tønnesen

Tysdag 10.02. kl 19.00

Onsdag 11.02. kl 19.00

Torsdag 12.02. kl 19.00

Torstein Landås

Tysdag 17.02. kl 19.00

Årsmøte for Nomeland bedehus

Tysdag 27.01. kl 18.00



KVINNEFRUKOST PÅ NOMELAND BEDEHUS

Laurdag 31.01. kl. 10.00 Nomeland bedehus

Velkomen til hyggeleg samvær denne laurdagen.
Andakt ved Kari Bjørgum, samt song og utlodding.



ÅRSMØTE I FOLKEAKADEMIET VALLE

Onsdag 11.02. kl 18.00 Sæbyggjen

Velkomen til årsmøte med pizza kl 18.30.
Kl 19.00 kjem Sigrid Kjetilsdotter Jore og Maija Lindaas
og vil halde ein konsert for oss!
Gratis inngang.

Mvh styret



FOLKEAKADEMIET
PRESENTERER

TOMMY SØRBØ EG LER, ALTSÅ ER EG!

**EI HUMORISTISK REISE GJENNOM
LATTERENS VESEN OG UVESEN**

Kan ein le seg klokare? Bli med forfattar og
satirikar Tommy Sørbø bak kulissane i
humorens verd. Frå *Nytt på nytt* til
historiske djupdykk – ein kveld med skarp
satire, lun humor og djupare refleksjon.

STAD: SÆBYGGJEN

DATO: 22. JANUAR 2026

**PRIS: MEDLEMER KR. 100, IKKJE MEDLEME
KR. 200, UNGDOM U 25 ÅR GRATIS**



FORFATTAR, SATIRIKAR OG KUNSTHISTORIKAR
KJEND FRÅ NRK OG NYTT PÅ NYTT.

KVA SKJER - JANUAR OG FEBRUAR

Med atterhald om endringar

DATO	STAD	TID	KVA SKJER
17.01.	Hylestad soknehus	12.30	Kurs i linedance
19.01.	Hylestad soknehus	17.00 / 19.00	Bygdekino
21.01.	Kommunehuset	16.00	Kurs i Friskus aktivtiettskalender
21.01.	Valle bygdeheim	11.00	Andakt
22.02.	Kyrkjestoga, Sæbyggjen	18.00	Foredrag med Tommy Sørbø
24.01.	Valle bibliotek, Sæbyggjen	11.00	Laurdagsope
27.01.	Nomeland bedehus	18.00	Årsmøte
28.01.	Bykle Hotell	18.00	Årsmøte i Fagforbundet
31.02.	Nomeland bedehus	10.00	Kvinnefrukost
02.02.	Hylestad soknehus	17.00 /19.00	Bygdekino
04.02.	Spelestoga	17.00	Ungdomsklubb
06.02.	Valle bibliotek, Sæbyggjen	15.00	Feiring av samisk nasjonaldag
11.02.	Kyrkjestoga, Sæbyggjen	18.00	Årsmøte Folkeakademiet Valle
11.02.	Hylestad soknehus	17.00	Juniorklubb
14.02.	Hylestad soknehus	12.00	Kompebasar
16.02.	Hylestad soknehus	17.00 / 19.00	Bygdekino
18.02.	Valle bygdeheim	11.00	Andakt
21.02.	Valle bibiotek, Sæbyggjen	11.00	Laurdagsope
23.02.	Valle bibliotek, Sæbyggjen	17.00	Ungdomsklubb
25.02.	Valle biljardforeining	16.00	Juniorklubb
27.02.	Kyrkjestoga, Sæbyggjen	10.30	Framsying: To menn og ei tavle